



Arkivsaknr: 2025/4671-4
Sakshandsamar: Silje Andvik Hoaas
Avdeling: Innbyggjarservice og kommunikasjon

SAKSFRAMLEGG

Språkbruksplan for Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Eldreråd	
34/25	Ungdomsråd	02.06.2025
	Utval for levekår	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Administrasjonsutvalet	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret vedtar språkbruksplan med tilhørende handlingsdel for Alver kommune.
- Planen skal reviderast etter fire år.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for levekår, utval for næring, kultur og idrett og utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Bakgrunn

Alver kommune er ein nynorskkommune. Dette betyr at alle offisielle skriv frå kommunen skal vera på nynorsk, anten det (til dømes) er eit brev, ein tekst på heimesida eller eit saksframlegg.

Språklova seier i tillegg at me som jobbar i det offentlege skal bruka eit klart og brukartilpassa språk. Me skal sikra at innbyggjarar og tilsette forstår informasjonen me deler i ulike kanalar.

Gjennom denne planen vil me både styrka bruken av nynorsk hjå dei tilsette og følgja opp intensjonane i språklova.

Sidan språkbruksplanen er eit verktøy for alle tilsette og skal ha effekt for alle innbyggjarar i kommunen, kjem planen til uttale i alle råd og utval, innstilling i formannskapet og endeleg avgjerd i kommunestyret.

Språkbruksplanen inneheld nokre konkrete skriveråd/-reglar, men handlar først og fremst om kva mål, strategiar og tiltak me skal satsa på for å styrkja nynorsken sine vilkår i kommunen. Å få på plass dei konkrete skrivereglane (språkprofil og språkplakat) er tiltak i planen, og kjem som ei oppfølging av det vidare arbeidet.

Saksopplysningar

1. januar 2020 vart Lindås, Meland og Radøy slått saman til éin kommune. Alle dei tre tidlegare kommunane brukte nynorsk som administrasjonsspråk, og i intensjonsavtalen vart det slått fast at Alver også skulle vera ein nynorskkommune.

Ambisjonen vart seinare stadfesta av fellesnemnda for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy, og vedtatt i den første samfunnsdelen til Alver kommune.

Av dei tre gamle kommunane, var det berre Radøy kommune som hadde ein språkbruksplan (2012). Arbeidet Radøy kommune gjorde for å styrka nynorsken fekk nasjonal merksemd i 2014. Då vart kommunen kåra til «årets nynorskkommune» av kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Alver kommune har ikkje hatt ein eigen språkbruksplan eller språkprofil, men har likevel jobba med språkbruk og nynorsk på fleire område sidan samanslåinga. Kommunen har mellom anna laga ein felles skriveguide for tekstar på heimesida ilag med dei andre kommunane i IKT-samarbeidet og invitert innbyggjarar til ei årleg feiring av nynorsken (Nynorskdagane).

Forankring i vedtak og planar

Arbeidet med Alver kommune sin første språkbruksplan er forankra i fleire politiske vedtak og planar:

- Intensjonsavtalen (25. januar 2016):
 - «Nynorsk skal vera administrasjonsmålet».
- Alver kommunestyre (31. oktober 2019):

- Målvedtak
- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2022-2034):
 - Aktuelle strategiar:
 - «Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune, og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål.»
 - «Vi skal vere ein imøtekommande, løysingsorientert og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.»
- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (2023-2026):
 - Aktivitet:
 - «Utvikla nynorskkommunen Alver.»
 - Tiltak:
 - «Utarbeida språkbruksplan»
 - «Starte utviklinga av Nynorskdagane til større kommunal kulturfestival»

Kva seier lova?

1. januar 2022 fekk me ei ny [lov om språk \(språklova\)](#). I lova står det (§ 1, tredje ledd) at offentlege organ har «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket».

Språklova seier også at offentlege organ skal:

- kommunisera på eit klart og korrekt språk – tilpassa målgruppa
- følgja den offisielle rettskrivinga

Nynorsk i Alver

Nynorsk (landsmål til 1929) har vore eit levande skriftspråk i området vårt sidan tidleg på 1900-talet.

I skulen og i kyrkja vart nynorsk innført etter rådgjevande folkerøystingar. Fleire skulekrinsar hadde nynorsk som skulemål allereie frå 1898, og innan 1937 hadde alle skulane i noverande Alver kommune innført nynorsk som skulemål. I kyrkja fekk dei første sokna liturgi på nynorsk i 1923.

Nynorsk var òg teke i bruk som administrasjonsspråk i alle dei dåverande kommunane før krigen, etter vedtak i kommunestyra.

Som industrikommune og nabokommune til Bergen har området vårt hatt stor tilflytting og inn- og utpendling. Me har sett ei utvikling der bergensk eller bergensnært talemål har blitt dominerande i store delar av kommunen, særleg blant dei unge. Dette har ført til stor språkleg variasjon i kommunen vår.

Slik har vi jobba med prosjektet

Me laga eit prosjektmandat og sette ned ei prosjektgruppe i 2023, men omstillingsarbeidet gjorde at me måtte omprioritera ressursane våre og setja prosjektet på vent.

Januar 2025 starta me opp att prosjektet. Målet var å levera ei sak til politisk handsaming før sommaren.

Prosjektgruppa har bestått av:

- Silje Andvik Hoaas, kommunikasjonsleiar (prosjektleiar)
- Bente Kopperdal Hervik, rådgjevar kultur
- Leif Bjørnar Hopland, fagansvarleg stab oppvekst
- Jarle Næss, hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet

Framdriftsplanen har vore delt i fire fasar:

- **Januar-februar:** Etablera kunnskapsgrunnlag
 - Prosjektgruppa har jobba med rammene for prosjektet, snakka med ekspertar og sett på eksempel frå andre kommunar.
- **Mars-april:** Innspelsrunde
 - Prosjektgruppa har invitert tilsette i kommunen, utvalde avdelingar og mållaga i Alver til å koma med innspel.
- **April-mai:** Open høyring
 - Prosjektgruppa har sendt eit førsteutkast til språkbruksplan på ei open høyring.
- **Juni:** Politisk prosess

Innspel frå tilsette

Prosjektgruppa inviterte tilsette til å koma med innspel til planarbeidet i perioden mars–april 2025.

Alle tilsette vart inviterte til å koma med innspel i eit digital innspelsskjema, som prosjektgruppa delte i informasjonskanalen Viva Engage og i eit team for leiarar og tillitsvalde i kommunen. Innspelsskjemaet var tilgjengeleg i ein månad, frå 3. mars til 4. april. 49 tilsette kom med innspel.

Etter ein interessentanalyse, inviterte prosjektgruppa ein del utvalde avdelingar/grupper til innspelsmøte:

- leiarar og rådgjevarar i kultur
- leiarar og rådgjevarar i organisasjon og utvikling
- rektorarar og styrarar i oppvekst
- leiarar og representantar frå mållaga i Alver

Prosjektgruppa orienterte i tillegg om prosjektet i møte med hovudtillitsvalde, leiargruppa til kommunedirektøren, formannskapet og kommunestyret.

Alle gruppene fekk sjå prosjektgruppa sine forslag til mål, og spørsmålet – kva kan me gjera for å nå desse måla?

- Mål 1: Me ønskjer å leggja til rette for at tilsette i kommunen vert gode nynorskbrukarar.
- Mål 2: Me ønskjer å gjera det lett for innbyggjarar å forstå det me skriv i ulike kanalar.
- Mål 3: Me ønskjer å fremja og feira nynorsken som ein del av dei lokale identitetane i Alver.

Prosjektgruppa stilte i tillegg spørsmålet «Skal vi skrive vi eller skal me skriva me?», og gav uttrykk for at dei ville rå til at dei tilsette skulle skriva me og bruka a-infinitiv.

Oppsummering av innspela frå dei tilsette:

- Vera tydeleg på at me er ein nynorskkommune.
- La dei tilsette velja former sjølv (eit stort fleirtal gav uttrykk for dette).
- Ha meir fokus på å skrive rett, klart og konsistent.
- Ta omsyn til at både dei tilsette (som skal skriva) og innbyggjarane (som skal lesa og forstå) er ulike, og jobba for inkludering.
- Gje dei tilsette tilbod om opplæring og kurs.
- Gjera ordlister og andre hjelpemiddel lett tilgjengeleg.
- Laga sjekklister og skriverreglar (språkplakat/-profil).
- Ha lokale hjelparar.
- Jobba systematisk med malar.
- Fokus på nynorsk i tilsetjingar.
- Gjera nynorsk gøy og tilgjengeleg – for alle.
- Ha interne arrangement under Nynorskdagane.

Innspela frå dei tilsette samsvarer i stor grad med innspela prosjektgruppa fekk i samtale med representantar frå mållaga og politikarane i kommunestyret.

Høyringsinnspel

Høyringsutkastet, som ligg ved den politiske saka, byggjer på innspel frå tilsette, mållaga og politikarane i kommunestyret.

Forslaget var på open høyring i perioden 23. april–14. mai 2025. Høyringa vart kunngjort på heimesida til kommunen, nettavisa til Avisa Nordhordland og delt direkte med mållaga i Alver på e-post.

Det har kome ti innspel til planforslaget. Alle innspela er lagt ved den politiske saka. Prosjektgruppa har gjort ei enkel vurdering av kvart endringsforslag i innspela, og samla desse i eit eige notat – som også ligg ved den politiske saka.

Vurdering

Korleis kan Alver kommune sin første språkbruksplan gjera ein reell forskjell for tilsette og innbyggjarar i kommunen?

Spørsmålet har stått sentralt i arbeidet med planen, og vore utslagsgivande for ein del av vala undervegs i prosessen.

Meir historie i planen?

Det har vore eit bevisst val å ha minst mogleg tekst i planen, for å gjere han meir tilgjengeleg og lettare å bruka. Planen skal først og fremst vera eit verktøy og oppslagsverk for tilsette som skal bidra til å realisere måla i planen.

Prosjektgruppa har difor valt å ikkje referera til relevante politiske vedtak og planar eller ta med utfyllande informasjon om nynorskhistoria til Alver. Dette har i staden fått plass i den politiske saka, og kan i tillegg verte ein del av framtidige opplæringsopplegg for tilsette.

Me har likevel valt å ta inn ei setning om historia i innleiinga for å gjera det tydeleg kvifor Alver er ein nynorskkommune.

Tilrådde eller valfrie former?

Kva skal formålet med planen vera? Å verna om dei tradisjonelle formene som er ein tydeleg del av nynorskhistoria til Alver, eller seinka terskelen gjennom å la kvar enkelt få velja dei formene som er mest naturlege for seg.

Det første alternativet peikar i retning av tre tilrådde former: Me (i staden for vi), a-infinitiv (i staden for e-infinitiv) og verta (i staden for bli). Det andre alternativet gjev dei tilsette ein valfridom.

I det innleiande arbeidet med planen, landa prosjektgruppa på at det var eit mål å leita fram det som tradisjonelt har vore dei dialektnære formene (me, a-infinitiv og verta). Logikken var at dette skulle bidra til å styrka den lokale identiteten.

I arbeidet med språkbruksplanen, kom det fleire reaksjonar på dette. Mange meinte det var viktigare å læra dei tilsette å skriva klart (forståeleg) og rett enn å tilrå eitt sett med former. Hovudargumentet for valfridom er at dette opnar for at fleire kan velja former som ligg tett på sin eigen dialekt (anten dei snakkar ein form for strilamål eller bergensk), og på den måten gjera det enklare for fleire å skriva nynorsk. Og sidan dette er eit viktig mål for planen, endra prosjektgruppa si innstilling.

Det einaste kravet me stiller i planforslaget er at dei tilsette er konsekvente og brukar dei same formene gjennom heile teksten.

Mål, strategiar og tiltak

Sidan dette er Alver kommune sin første språkbruksplan, har det vore eit mål å byggja ein solid grunnmur for arbeidet med nynorsk i kommunen.

Måla, strategiane og tiltaka ber preg av dette. Kva treng kommunen for å få ein god start på arbeidet?

- tydeleg ansvarsdeling
- opplæring
- hjelpemiddel og hjelparar

Tiltak som handlar om dette går att i innspela frå alle som har bidratt til planen. Nettopp difor ligg tyngdepunktet i planen her. Me må gjera det me kan for å støtta dei tilsette, som har svært ulike forutsetningar for å skriva og skriva nynorsk.

Barnehage, skule og vaksenopplæring

Det har kome fleire innspel knytt til å styrka nynorsk i barnehagane og grunnskulen i Alver.

Spørsmål knytt til språkopplæring i barnehage og grunnskule er ikkje handsama i denne planen. Dette er tema i eit eige/pågåande prosjekt: «Språk, lesing og skriving – barnehagar og skular med god praksis og likeverdige tilbod.»

Me refererer til satsingsområda i prosjektet i språkbruksplanen, men har vore forsiktige med å knyta konkrete tiltak til desse – sidan dette er regulert av Opplæringslova og høyrer heime i eit anna prosjekt.

Det har også kome innspel til innføring av nynorsk som opplæringsmål i vaksenopplæringa. På same måte som nynorsk er hovudmålet i grunnskulen, er det naturleg at nynorsk er hovudmålet i vaksenopplæringa til nynorskkommunen Alver.

Me foreslår difor at kommunen skal etablera eit prosjekt, der målet er å innføra nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa.

Økonomi

Ingen av tiltaka får ein direkte økonomisk konsekvens for budsjettet til Alver kommune.

Tiltak som å 1) etablera eit språkutval, 2) utvikla opplæringsmateriell og 3) identifisera språkhjelparar vil krevja at fleire brukar av tida si – men målet er at me kan løysa dette innanfor dagens rammer.

Vedlegg

- 1 Språkbruksplan – forslag til politisk handsaming
- 2 Notat om høyringsinnspel
- 3 Innspel høyring språkbruksplan 2025, frå Alversund mållag.docx
- 4 Innspel til Språkbruksplan i Alver Kommune

- 5 Innspel til språkbruksplan
- 6 Innspill til språkbruksplan
- 7 2025-05-14 Innspel til Alver kommune sin språkbruksplan.pdf
- 8 Innspel høyring språkbruksplan 2025.pdf
- 9 Meland Mållag - Høyringsfråsegn til framlegg til språkbruksplan for Alver kommune.docx
- 10 Meland Mållag - Vedlegg til høyringsfråsegn - Innspel høyring språkbruksplan 2025 (forfatta av Johan Myking).docx
- 11 459 Høyringssvar språkbruksplan Alver kommune 250514 OØO.pdf
- 12 Høyringsinnspel Alver kommune sin språkbruksplan.docx
- 13 Høyringsinnspel språkbruksplan.pdf